

**Til styreleiar i Vindafjordhallen**  
**v/Kari Rødde**  
**5578 Nedre Vats**

**Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval**  
**Torsdag 13. januar 2011 på Vats skule kl. 19.00**

**Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Hilde Fadnes Hølland, Kristin Ove Skare,**  
**Arve Mjølhus, Sverin Fatland, Jon Olav Velde**  
**(Anne Nesheim Myhre og Olaug Urdal kunne ikkje møta)**

**Sak 3. Dugnadsarbeid for Vindafjordhallen.**

Det er kome ein del synspunkt frå lag og foreningar om dugnadsarbeid for Vindafjordhallen - at dei har lite att av slik innsats. Avtalen har vore at lag og foreningar skulle få leiga kjellarstova gratis til bl.a. sine lagsmøte mot at dei gjer dugnad for hallen, men slik er det ikkje i praksis.

Kva med bruksrett til kjøkken?

Det gamle bibliotekrommet er utleigd og kan ikkje disponerast til arrangement for lag og foreningar lenger. Alt dette bør avklarast og drøftast på årsmøtet.

Leiaren sender dette som særutskrift til leiaren i Vindafjordhallen, Kari Rødde.

**Vedtak:** Grendautvalet vil fremja dette som sak til årsmøtet i Representantskapet i Vindafjordhallen nå i vår.

**Sak til årsmøtet:** Kva avtalar gjeld og kva rettar og plikter har lag og foreningar i Vats i Vindafjordhallen når dei gjer dugnad?

Øvre Vats 17. januar 2011

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-